



Sunnhordland

FREDAG 23. FEBRUAR 2018

NR. 22 – 116. ÅRGANG – LAUSSAL KR 29,-



Strålende vinterferie

VINTERSTEMNING: Ann Katrin Sætrevik har teke dette flotte vinterbiletet. I dagens avis kan du sjå fleire blinkskot frå siste veka. **Side 12**

Usynlig tannregulering og vanlig tannregulering




info@stordtannregulering.com
Heiane 31, 5412 Stord. Tlf. 990 99 571

www.stordtannregulering.com

BRILLER • KONTAKTLINSER
SYNSPRØVER • UR • KIKKERTER

interoptik
Sele

AMFI STORD • Tlf. 53 40 29 30

Dansar med diabetes



FREDAGSPRATEN: Brita Grov (25) har lært seg å takla både diabetes og tøft kroppspress i danseverda. I dag er ho klar med si eiga oppvising på ein festival i Bergen. **Side 20–21**

Har levd med rasfare i over 40 år



RASSIKRING: Tilfeldigheitar har ført til at bustadfeltet i Hamrane no blir sikra mot ras – 44 år etter at det blei konkludert med rasfare. **Side 2–3**

Satsar på moderne pop



PLATEAKTUELL: Marion Woodseth heiter egentleg Skogseth Bjørsvik til etternamn. Saman med Alf Henrik Spilde Vaksdal, som ho møtte på musikklinja på Stord, er ho no aktuell med nye låtar. **Side 14–15**

EI EKTE BALLE

Kroppspress og diabetes har ikkje stoppa dansaren Brita Grov (25). No vil ho bruka motstanden i eiga stykke.

- Sving deg litt meir, og sjå opp i taket.
- Bra. Tel til tre, og berre start når du er klar.
- Ein, to, tre.

Brita Grov tek sats, kastar armene opp i vêret, kastar seg bakover med overkroppen i ei hektisk rørsle, før ho forsvinn i ein kvit sky av kveitemjøl. Fotograf Marius Knutsen har teke over koreografien i dansestudioet Spinae, der Brita Grov denne veka har vore oppteken med prøving og klargjering til stykket «Her Past in Their Present Now» som ho og kompaniet av fem dansarar skal spela under Frontlosjefestivalen i Bergen no i dag, fredag.

Festivalen skal syna fersk scenekunst og skal, ifølgje heimesida til festivalen, vera for alle i Bergen som likar teater og dans.

FRAMSYNINGA, som vert spela som eit uferdig stykke, og som skal vera open for tilbakemeldingar frå publikum, skal gje tilskodarane eit innblikk i korleis det er å vera Brita Grov. Ei 25 år gammal kvinne frå Grov på Stord. Som både har lært seg å leva med diabetes, men også med kroppspresset i danseverda. Ei danseverd ho fekk eit skikkeleg innblikk i då ho starta på Trinity Laban Dance School i London alleire som 18-åring.

Då hadde ho dansa i om lag seks år, etter at ho som 12-åring vart inspirert på kulturskulen på Stord, og seinare av Magdalena From Delis, til å halda på med dans.

Omtrent samtidig som ho starta med det ho seinare skulle leva av, oppdaga ho noko i kroppen som faktisk kan gjera at du dør.

- Eg hugsar den dagen veldig godt. Det var 18. oktober 2004, fortel Brita Grov.

MORA ØYDIS GROV hadde reagert på at dottera var veldig tørst, og drakk masse. Etter kvart vart det teke ein urinprøve som konstaterte at ting ikkje var som det skulle. Den då 12 år gamle jenta fekk konstatert diabetes type 1, ein diagnose ho må dela med om lag 28.000 andre nordmenn. Sjukdommen gjer at kroppen må få tilført insulin. Og blodsukkeret må kontrollerast hyppig.

- Å få diabetes av den typen, samstundes som eg fekk sprøyteskrek, var ikkje noko som var så lett å takla den gongen. Heldig-

vis så fekk eg ganske raskt ei insulinpumpe som hjelper meg i kvardagen til å regulera blodsukkeret utan at eg må ha sprøyter, seier ho.

Grov var uansett fast bestemt på å ikkje la sjukdommen setja ein stoppar for draumane ho hadde. Dansetimar på Stord kulturskule og Sport-treff, vart til to år på Langhaugen vidaregåande i Bergen, før turen gjekk til London. Der var ho oppteken av at andre ikkje skulle vita at ho hadde ein kronisk sjukdom.

- Eg ville vel ikkje at dei skulle behandla meg på ein annan måte fordi eg hadde diabetes. Difor sa eg det ikkje. Dessutan så tenkjer eg at det kan vera forbunde med skam. At folk kanskje tenkjer at eg har fått diabetes fordi eg hadde ete for mykje sukker til dømes. Slike ting, seier ho.

SUNNHORDLAND møter Grov i ein pause i øvingane i lokala på Leirvik. Å vera i fysisk aktivitet med dans er bra for sjukdommen, men lange og krevjande dagar i studio kan faktisk også vera livstrugande om ho ikkje følgjer med. Og fleire gonger har det faktisk hendt at kroppen har sagt stopp, og sendt 25-åringen til både sjukehus, og på vegen mot koma.

I fjor gjekk ho og la seg i huset ho og fem andre dansarar leigde i London. Dei hadde dansa lenge og intenst dagen i førevegen, og trøyt og sliten gjekk Grov til senga.

- Eg hadde på vekkjarklokka mi om morgonen. Ho var det romvenninna mi som hørde. Sjølv registrerte eg ingenting. Dei prøvde å få kontakt med meg, gje meg honning, men ingenting hjelpte. Dei ringde etter ambulansen, og først då klarte dei å få meg tilbake igjen. Heldigvis slapp eg å reisa på sjukehus den gongen, seier ho.

BRITA GROV MEINER det kanskje har skjedd 8–9 gonger sidan ho fekk diabetes at ho har fått kraftig føling, så kraftig at ho har måtte ha legehjelp. Ho har mista flyet til Stord ein påske grunna innlegging på sjukehus, og ein juleferie på Grov enda også på sjukehuset i Haugesund.

- Tenkjer du på at du faktisk kan dø av diabetes?

– I starten så trur eg ikkje at eg gjorde det. Men etter at eg hadde hatt nokre kraftige følingar, som det i London, så har eg vorte meir og meir skremt. Og eg har lært meg å vera meir open om sjukdommen til dei rundt meg slik at dei kan gje meg naudsynt hjelp, seier ho.

No har 25-åringen ein avtale med dei ho dansar med, at ho gir beskjed om ho treng ein pause. Dessutan har ho ei insulinpumpa som



h Tekst:
Olav Røli
olav@sunnhordland.no



h Foto:
Marius Knutsen
marius@sunnhordland.no



RINA FRÅ GROV



fredagspraten

Namn: Brita Grov
Alder: 25
Sivilstand: Singel
Yrke: Dansar og koreograf
Bustad: London/Berlin/Grov
Aktuell: Er i dag klar med eige stykke under Frontlosjefestivalen i Bergen

fem kjappe

Kva tek du med deg til ei aude øy?
 – Musikk og insulin

Uvane du vil bli kvitt?
 – Må læra meg å seia det eg meiner, ikkje halda det inni meg

Favorittrett?
 – Aure med avokado og grønsaker

Perle i Sunnhordland?
 – Myro på Grov

Kva gjer du om 10 år?
 – Då dansar eg framleis, og har eit stort dansekompani

Brita Grov

målar blodsukkeret regelmessig. Men Grov må heile tida passa på at blodsukkeret ikkje vert for lågt, og må eta regelmessig.

DANSING, TRENING OG KOSTHALD har vore ein stor del av kvardagen til 25-åringen dei siste åra. Ho innrømmer at dansing gjerne er forbunde med det å ha ein høg og tynn kropp, medan ho er skapt på ein litt annan måte. Noko som ikkje bestandig har vore så lett å takla.

– Når me hadde ballettundervisning på skulen i London, og me hadde dei litt meir «old school»-lærarane, då fekk eg gjerne høyra at eg burde ta av litt. Når du et sunt og regelmessig, og trenar masse, men likevel ikkje blir så veldig mykje slankare, er det ikkje så lett å takla for ei ung jente. Det verka som om kroppen levde sitt eige liv, noko som gjorde meg frustrert.

– Kva gjer det med sjølvkjensla?

– Den er betre enn tidlegare, men er nok framleis ikkje heilt der den bør vera. Uansett så plar eg seia at det er slik eg er. Og eg prøver å få det ut i dansen. Det har hjelpt meg masse, fortel ho.

Brita Grov er oppteken av at både kroppspress, og ein kronisk sjukdom, ikkje skal hindra henne i å følgja draumane sine.

– Eg tenkte meir. Fan og. Dette skal ikkje hindra meg. Og det finst fleire som dansar med diabetes, fortel ho.

DENNE VINTEREN var 25-åringen ferdig med London for ei stund. Eit tøff økonomisk tilvære, i ein svindyr by, og utan noko meir fast enn ein dårleg betalt pubjobb, var nok til at ho ser vidare i horisonten. Etter framsyninga i Bergen er det klart for to månader i Berlin. Vidare ventar London igjen i mai. Deretter er det meir ope kva som skjer utover hausten.

– Målet mitt er å halda fram med dans og koreografi. Og no har eg mogelegheita til å leva frilanslivet. Men på sikt så håpar eg at eg kan få det litt meir stabilt, seier ho.

Kveitemjølet har etter kvart lagt seg ned på det svarte golvet i dansestudioet. Fotografen har pakka ned utstyret. I det kvite mjølet er det synlege ringar etter dei energiske rørslene til dansaren frå Grov.

– Når eg får føling så beveger eg meg rakst og intenst. Eg seier ikkje så masse med ord, men med kroppen. Folk kan gjerne spørja meg om det går bra, så mumlar eg berre ja. Men det er ikkje sant. I framsyninga i Bergen så vil eg få fram mi historie, seier 25-åringen.